



Når nokon døy

Ei rettleiing og hjelp ved dødsfall

Ullensvang kyrkjelege fellesråd



Når nokon døy

Dei fleste av oss vil i løpet av livet måtte legge til rette for gravferd.

Det er det siste vi kan gjere for eit menneske. Det kan vere både meiningsfylt og fint, og samstundes krevjande.

Ikkje alle har hatt høve til å snakke med den som er død om dei hadde særskilde ønskjer. I nokre familiar vil det vere fleire involverte, andre står meir åleine. Midt i den ferske sorga er det mange val ein lyt ta stilling til. Nokon nyttar eit byrå, medan andre ynskjer å gjere det meste sjølv.

Ullensvang kyrkjelege fellesråd syter for at kyrkjegardane i Ullensvang kommune vert forvalta og drifta etter føreskriftene i Gravferdslova. Som ansvarleg gravferdsforvaltar yter vi tenester til alle innbyggjarane i kommunen - uavhengig av tru, livssyn eller kulturell bakgrunn.

I dette heftet finn du informasjon om kva som praktisk må gjerast i tilknyting til dødsfall og gravferd. Vi vonar det kan vere til hjelp.

På baksida vil du òg finna naudsynt kontaktinformasjon.

Ullensvang august 2022

Med venleg helsing

Ullensvang kyrkjelege fellesråd – gravferdsmynde i Ullensvang



DEN NORSKE KYRKJA

Alle foto: Åsmund Aarvik

Viktige kontaktar

Lege skal stadfesta dødsfallet. Dersom dødsfallet ikkje har funne stad på institusjon eller sjukehus, må pårørande syta for at lege vert kontakta. Lege gjev vidare melding til politiet.

Politiet skal kontaktast. Dei fører protokoll over alle dødsfall og skal ha opplysningar om mellom anna slekt og næraste pårørande.

Kyrkjekontoret må kontaktast for avtale om dag og stad for gravferda. Kyrkjekontoret gjer avtale med prest, kyrkjetenar, organist og gravar. Pårørande må ta avgjerd om kva grav dei vil nytta på kyrkjegarden. Sjå meir informasjon om gravplassen på s. 9.

Gravferdsbyrå kan kontaktast, og kan vera til hjelp ved ulike delar av gravferda.

Prest kontaktar pårørande, dersom ein ynskjer kyrkjeleg gravferd, og avtalar tid for sorgsamtale. Denne samtalen kan skje heime, eller på kyrkjekontoret. Her er merksemda retta mot den avdøde si historie og praktisk gjennomføring av gravferda.

Organisten/kantor kan kontaktast om ein ønskjer roleg orgelmusikk rett før gravferda i kyrkja. Vi anbefaler pårørande å kontakte organist så tidleg som mogeleg for å samtale om den musikalske ramma i gravferda. Du kan lese meir om dette på s. 6.

Kriseteam Kommunen har eit kriseteam som kjem saman og er til hjelp ved uventa dødsfall som skapar krise i nærmiljøet slik at det trengs ekstra hjelp og vegleiing. Kriseteamet vil i så tilfelle kontakte dei næraste pårørande.

Du finn ei oversikt over viktige telefon-nummer på baksida av heftet. Me tek atterhald om at desse kan bli endra etter som tida går.

NAV får melding om dødsfallet frå lensmannen, men de må sjølve ta kontakt med NAV dersom de ynskjer gravferdsstønad. Søknadsskjema finn de også på www.nav.no. Er den som er død under 18 år vert ein stor del av utgiftene dekkja, medan stønaden er behovsprøvd for vaksne.

Praktiske gjeremål

Ansvar. Det er viktig at dei pårørande tek stilling til kven som formelt skal vere ansvarleg for gravferda. Dersom avdøde sjølv ikkje har bestemt gravferdsseremoni, må den som står ansvarleg bestemme.

Kremasjon kan veljast om det ikkje er i strid med den døde sitt ønskje. Kremasjon må meldast til gravferdsbyrå og kyrkjekontor så snart som mogeleg. Dei vil varsla lensmannen.

Krav om utfylling av skjema, ved gravlegging eller kremasjon. Dette er eit skjema som må fyllast ut av den som syter for gravferda. Det er praktiske opplysningar om kven som er død, gravferdsdag, næraste pårørande og kven som skal vere ansvarleg for grava. Dette skjemaet kan fyllast ut i lag med gravferdsbyrå eller ved kyrkjekontoret.

Stell av den døde og kista. Pårørande kan vera med å stella den døde, eller gje heile ansvaret til andre. Gravferdsbyrå kan hjelpa til, og dei har ulike kister å velja mellom. Etter stellet vert den døde lagt i kista. Nokon ønskjer at den som er død skal ha på sine eigne klede. Ein kan og nytte spesiallaga skjorte frå gravferdsbyrået. Det vil vere høve til å legga brev eller anna som har hatt betydning, med i kista. Det er her viktig å ta omsyn til nedbryting, tryggleik og miljøvern. Hovudregel er at det skal kunna brytast ned innan 25 år.

Bårerom. I Odda er det bårerom på Berjafлот gravplass. I Jondal og på Utne er det bårerom i tilknytning til kyrkjegarden. Lofthus og Kinsarvik nyttar bårerommet på Bråvolltunet.

Syning og båreandakt. Det er også mogeleg å legge til rette for syning. Det kan skje i tilknytning til dødsfallet på institusjon, eller i tilknytning til gravferda. Her kan ein og ha båreandakt som avslutning på syninga. Avtal nærare med prest dersom de ynskjer dette. Pårørande kan òg ha syning eller båreandakt på eiga hand. Gjer avtale med kyrkjekontoret dersom dette er aktuelt.

Transport av båra. Familien har ansvar for transport av båra; både til bårerommet, og frå bårerom til kyrkja/anna lokale. Det er ofte gravferdsbyrå som transporterer kista. Om båra med den døde må transporterast ei strekning på over 20 kilometer, vert utgifter til transport dekkja av NAV, utanom ein eigenandel.

Kyrkja har ein båretilhengjar som står i garasjen til Utneheimen. Denne kan de låne og bruka til transport av kista, dersom de ikkje vil nytta gravferdsbyrå til dette. Ta kontakt med kyrkjekontoret for å gjera avtale.

Dødsannonse. Det er pårørende som har ansvar for annonse til aktuelle aviser. Gravferdsbyrå kan hjelpe til med utforming.

Salmehefte til gravferda kan de få trykt hjå gravferdsbyrå eller hjå trykkeri. Ein kan og utforme og kopiera det opp sjølv. Det er fint om nokon i familien deler ut salmehefte ved inngangen før gravferda.

Minnesamvære. Etter ei gravferd ønskjer nokon å samlast til måltid. Minnesamværet kan vera for dei nærmaste, eller det kan vera oppe for alle. Presten kan formidle dette til dei frammøtte i gravferda.

Gravferd utan Den norske kyrkja. Ein kan ha gravferd utan kyrkja si deltaking. Kyrkjeleg fellesråd har ansvar for kyrkjegardane for alle trussamfunn. Berjaflot kapell er eit livsynsnøytralt seremonirom, og elles kan ein nytta dei lokala som næraste pårørende finn tenleg.

Direktesending via nett. Jondal og Utne kyrkje har høve til enkel direktesending. Avklar dette med kyrkjetenar. Denne strøymetenesta er utan kostnad for pårørende.



Seremonien i kyrkja

Kyrkjeleg gravferd er ein kristen seremoni der salmar, tekstlesingar og presten sin tale byggjer på trua og vona om oppstoda frå dei døde. Det som skjer i seremonien har ein fast rekkjefølge (liturgi). Eventuelle soloinnslag og musikk skal òg inngå som ein naturleg del av heilskapen. Dette er ein oversikt over rekkjefølgja i den kyrkjelege seremonien.

I kyrkja

Eventuell roleg orgelmusikk 15 min. før
Kyrkjeklokkene slår
Preludium /Båreljos (tradisjon i nokre av sokna våre)
Eventuelt soloinnslag
Salme til innleiing
Helsing og bøn
Minneord
Opplesing av helsingar (kransar)
Eventuelt soloinnslag
Skriftlesing
Salme før talen
Tale
Bøner
Fadervår
Salme etter talen
Rydding av kransar
Bårevers (tradisjon i nokre av sokna våre)
Utgang / Postludium

Ute ved grava

Salme før jordfesting
Jordpåkasting
Velsigning
Kista vert sett ned i grava
Salme etter jordfesting
Kyrkjeklokkene 3x3 slag
Helsing frå familien om det er ønskjeleg.



Avtal med presten dersom nokon ønskjer å leggja blomar/ roser på kista ute ved grava.

Bisetjing

Dersom det skal vere kremasjon, vert kista fylgd til båretil. Når gravferdsfylgjet har teke farvel vert kista køyrt til krematoriet i Odda. Dersom seremonien er på Berjaflo, vert avslutninga inne i kapellet. Kyrkjekontoret vil gje pårørande melding når urna kjem frå krematoriet. Det er kyrkjetenar som har ansvar for å setje ned urna. Familien kan vera med. Ein kan og avtale at prest er med, eller at kyrkjetenar set urna ned, utan andre til stades.

Musikk og salmar i gravferda

Musikkinnslag er med på å skape ei nær og personleg ramme kring gravferda. Dersom ein har særskilde ynskje om musikk som skal framførast, er det viktig å få avklara med organist om dette er mogeleg å få til, i god tid. Pårørande kan henta inn ekstra musikk-krefter som tek del i seremonien. Gjev også beskjed til dei kyrkjeleg tilsette dersom de treng lydutstyr. I Jondal og Utne vert gravferda gjerne overført digitalt til sjukeheimane, og det er difor ekstra viktig at lyd-utstyret er på plass.

Vi bed om forståing for at ikkje alle songtekstar eignar seg for framføring i ein kyrkjeleg seremoni. Dersom songane ikkje høver i gudstenesta, kan eit alternativ vere å ha desse songane i eit minnesamvær etterpå, der det er dei pårørande som eig heile programmet.

I ei vanleg gravferd er det **tre salmar**, og ein salme som syngjast før og etter jordpåkasting ute. Båreverset er eit vers frå ei salme, og er tradisjon i nokre av kyrkjene våre.

Det er fleire kapittel i salmeboka som har gode salmar.

“Ved livsgrensa og gravferd” 855 - 878.

“Trengsel og trøyst” 461 - 481.

“Det kristne håpet” 879 – 899.

“Guds omsorg” 307 - 334.

Ved gravferd for born eller unge menneske kan ein sjå på “Ved senga”

767 - 778. Salmar kan og knytast til årstidene jol, påske, vår eller sommar.



Her følgjer eit utval salmar frå Norsk Salmebok, som vert nytta i kyrkja. Vel gjerne salmar de kjenner eller er glad i. Salmane kan seia noko om livet, dei treng ikkje handla om døden. Songar frå Sangboken (Lunde forlag) er òg automatisk godkjende for bruk ved gravferd.

Alltid freidig når du går	415	Jesus, det eneste	422b
Alt ble med ett så stille	875	Jesus du er den himmelveg	418
Blott en dag	489	Kjærlighet er lysets kilde	233
Bred dina vida vinger	819	Kjærlighet fra Gud	651
Dagsens auga sloknar ut	822	Lei, milde ljøs	858
Deg være ære	197	Ljøs over grav	198
Deg å få skode er sæla å nå	482	Lær meg å kjenne dine veie	319
Deilig er jorden	48	Med Jesus vil eg fara	419
Det hev ei rose sprunge	33	Milde Jesus, dine hender	582
Eg veit i himmelrik ei borg	882	Navnet Jesus blekner aldri	86
Ein fin liten blome	492	Ned i vester soli glader	823
Fager kveldsol smiler	817	No livnar det i lundar	844
Guds kjærleik er som stranda		No soli bakom blåe fjell	821
og som graset	734	Nærare deg, min Gud	471
Herre Gud ditt dyre namn og ære	1	Slik som eg var	404
I dine hender, Fader blid	409	Som ein hjort	388
I himmelen, i himmelen	883	Sørg for meg, min Fader du	310
Ikke en spurv til jorden	324	Så stille vi går	878
Ingen er så trygg på ferda	488	Så tak då mine hender	414
Ja, en gang mine øyne skal	895	Vår Gud han er så fast ei borg	108
Jeg er i Herrens hender	494	Å leva, det er å elska	666
Blå salme	832	Å, ver hjå meg/ O bli hos meg	818



Gravplassen

Våre gravplassar

Gravplassane i Ullensvang er lokalisert i Jondal, Herand, Utne, Odda (Berjaflot), Skare, Røldal, Lofthus og Kinsarvik.

Feste av grav

Alle som bur i kommunen har rett til fri grav når dei døyr. Dette er avgiftsfritt. Det kan vera fleire alternativ for kva grav ein ønskjer å nytta til gravlegging. Nokon vel ny grav. I slike høve kan ein òg festa ei grav ved sida. Dette må det gjevast melding om til kyrkjekontoret, slik at det vert sett av plass. Feste av grav kostar omlag 300 kr i året og vert fakturert for 5 år om gongen.

Alle graver skal ha ein som er ansvarleg for grava, ein festar. Den som er festar for gravstaden har **all råderett over grava**. Difor er det viktig å tenkja over kven i familien som skal vera festar for gravstaden. Når fredingstida for ei grav er ute, vil festar få spørsmål om ein ønskjer å festa grava vidare. Det er då mogeleg å feste grava vidare, mot ei avgift. Også denne vert fakturert fem år om gongen. For meir informasjon kring desse detaljane, sjå *Vedtekter for gravplassane i Ullensvang* som ligg ute på nettsidene våre.

Bruk av familiegrav

Etter at fredingstida for ei grav er ute, kan grava nyttast til ny gravlegging. Fredingstida er ulik for gravplassane i Ullensvang: Røldal 30 år, Berjaflot 20 år, medan Skare, Jondal, Herand, Utne, Kinsarvik og Lofthus er 25 år. Familien får behalda ei grav i seksti år. Om ein vel å bruke opp att ei familiegrav vil ein få behalda den i nye seksti år, og ein kan ha ei familiegrav i fleire generasjonar.

Gravminne

Ved gravferd i kyrkja sin regi vert ein kvit kross med namnet til den døde sett opp på grava etter jordfestinga. Kyrkjetenaren ryddar etter kvart bort visne blomar og kransar. Etter seks månadar har grunnen rundt grava sett seg, og de kan de setje opp gravminne. Meir info om dette finn de på nettsidene våre.



Bruk av eldre gravminne

Eldre gravminne er ofte unike, og av god kvalitet. Det er mogeleg å bruka opp att gravminne som har vore i familien si eige. Fellesrådet oppmodar folk til å vurdere dette. Om ein ønskjer å nytta gravminnet som står på ei familiegrav og det ikkje er plass til fleire namn kan gravminnet slipast ned og nye namn setjast inn. Vil ein ha med namna som står på grava kan ein snu gravminnet og laga ei ny framside og setja inn nye namn på. Slik kan eit gravminne visa namn på fleire generasjonar som er gravlagd i same grav.

Gravstell

Dette er ei ordning for pårørande som ønskjer at grava skal bli stelt, men som ikkje har høve til å syte for det sjølv. Festar betaler inn ein avtalt sum til gravstell. Den innbetalte summen skal dekkja utgifter til nedsetjing av plantekasse og årleg planting og stell av gravstaden. På heimesida under kyrkjegardar finn dei skjema for tinging av gravstell. De kan òg ta kontakt med kyrkjekontoret om dette. Det er også fint med grasbakke inntil gravminne, om ein ikkje har høve til å planta på grava. Det finns òg andre firma og instansar som tilbyr gravstell.




Foto: Gry-Helga Aarhus

Sorg og sorgreaksjonar

Sorg er ein naturleg reaksjon ved tap av familiemedlemmar og vener. Me sørgjer ulikt, og har ulike behov. Ein kan oppleve å gå ut og inn av sorga, som ei pendelrørsle. Sorga, og korleis vi handterer den, kan prege familieliv, relasjonar og ekteskap i lang tid.

Samtale

Det kan vere godt å ha nokon å snakka med om sorga, eller søkja råd hjå, etter eit dødsfall. Då kan du kontakta kyrkjekontoret og få samtale med diakon eller prest. På nettsidene våre finn du direkte nummer til dei tilsette, dersom du syns det er enklare å ta kontakt på den måten. Vi har eit mål om å tidvis kunna tilby pårørande å vere med i sorggrupper i Ullensvang. Det vil i så fall koma informasjon om dette på nettstaden vår.

Ullensvang Kommune har ei lågterskel samtaleneste under eining for Rus og psykiske helsetenester: 53654360

Institusjonar me kan anbefala som har samtaletilbod er:

Modum Bad – www.sjelesorg.no

Haraldsplass Samtalesenter – www.haraldsplass.org/samtalenter

Barn og sorg

Psykologane Magne Raundalen og Atle Dyregrov har mange gode råd til familiar som har barn i sorg. Desse kan ein finna på nettet eller ein kan låna bøker på biblioteket. Det er bøker som handlar om sorg og sorgreaksjonar, og ein kan finna framlegg til lesestoff på ulike nettstader.



Kontakt

Ullensvang Kyrkjelege Fellesråd
Odda soknehus, Almerket 17
5750 Odda

Tlf: 53 65 09 00
post@ullensvang.kyrkjer.no

www.ullensvang.kyrkjer.no



Transport av bære og gravferdsbyrå i distriktet

Privat - Kontakt kyrkjekontoret for lån av tilhengar	53 65 09 00
Hardanger og Kvinnherad Gravferdsbyrå (Tørvikbygd)	56 55 82 90 / 95 22 47 33
Odda begravelserbyrå	90 67 99 99
Vinsands Gravferdsbyrå (Voss)	56 51 11 94

Andre kontaktar

Hardanger Politistasjon	53 65 15 00
Politiet (sentral – ikkje akutt)	02 800
Jondal legekantor	53 67 53 80
Lofthus legekantor	53 67 13 80
Odda legesenter	53 65 45 00
Røldal legekantor (måndag & onsdag)	53 65 48 50
Utne legekantor	53 67 13 40